



Fylkesmannen i Vestland v/
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2644 - 19/25821

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
11.12.2019

Svar på rapport etter forvaltningskontroll landbruk i Meland kommune for 2018

Kommunen har motteke og lest gjennom rapport etter forvaltningskontroll i Meland kommune datert 17.10.2019, og tillett seg å koma med ein del merknader og spørsmål. Det vil verta vist til eigenvurderingsskjema utfylt av kommunen og innsendt 29.08.19 til fylkesmannen.

Merknad 1.

Er det kontrollen for Meland kommune dette omhandlar i og med at det fleire gonger i teksten er vist til at dette gjeldt Masfjorden kommune? Viser her til utklipp frå side 4 og 9.

Kontrollen av Masfjorden kommune vert gjort etter Fylkesmannen sin kontrollplan for 2019. Planen er utarbeida etter instruks frå Landbruksdirektoratet og baserer seg på risiko.

Figur 1. utklipp frå rapport etter forvaltningskontroll i Meland kommune

6 Generelt om landbruksforvaltninga i kommunen

Masfjorden kommune hadde 78 landbruksforetak som søkte om tilskot i 2018. Det vart utbetalt omlag 10,2 millionar kroner i produksjonstilskot og avløyning til ferie og fritid i 2018.

Figur 2 utklipp av rapport etter forvaltningskontroll i Meland kommune

Det er vist til at det er 78 landbruksforetak som søkte tilskot. **Etter våre lister er det 68 landbruksforetak som fekk tilskot for 2018.**

Merknad 2.

Delegeringsreglement: Fylkesmannen viser i sitt skriv til at delegeringsreglement vart oppdatert i 2017, dette stemmer ikkje.

I tillegg til forvaltningskontrollen spurte Fylkesmannen etter delegeringsreglementet. Reglementet vart oppdatert i 2017. I følge kommunelova § 39 skal delegeringsreglementet oppdaterast innan 31. januar etter at nytt kommunestyret er konstituert.

Figur 3 utklipp frå rapport etter forvaltningskontroll Meland kommune

Kommunen sitt innsendte svar viser at det var **oppdatert i 2019**.

Delegeringsreglement	
	Svar
Når vart delegeringsreglement sist oppdatert?	08.03.17 arkivsak 17/338, subdelegasjon 21.09.2017, oppdatert 12.04.2019

Figur 4 Utklipp av innsendt eigenvurdering av tilskotsforvaltning frå Meland kommune

Merknad 3.

Ref. pkt 5.1.2- 5.2.5 i rapport frå fylkesmannen viser til at tal i søknaden vert retta. Dette gjeldt særleg arealopplysningar, og kommunen oppyser at dette heng saman med massivoppdatering av landbruksregisteret og at søkjarane ikkje var informert om dette.

Kommunen ynskjer innsyn i kva saker fylkesmannen har vurdert. Kommunen har hjelpt søkjar i perioden dei kan gjera endringar og ikkje under sakshandsamingsperioden. Retting er gjort etter samtale med søkjar og logga i Estil. Sakshandsamar i kommunen har ikkje praksis å endra søknad utan å ha vore i kontakt med søkjar så framstillinga frå fylkesmannen gjer eit feilaktig bilde av korleis arbeidet i kommunen vert utført.

Slik kommunen les avviksrapport for søknadsomgangen 2018 er dette saker der søkjar har bede om hjelp til å få retta søknaden innanfor 14. dagars fristen (15.-29. mars og 15.-29. okt) fordi dei ikkje har fått det til sjølv. Målsetjinga til både søkjar og kommune har vore å få søknaden rett før sakshandsaming startar. Dette er ikkje sakshandsaming, men rettleiing etter forvaltningslova § 11. Kommunen vil her visa til rundskriv 2018 pkt 4 der det er peikt på at det i samband med innføring av nytt søknadssystem kan vera behov for å gje søkjarane rettleiing om bruken av søknadsskjema, sjølv om ein i hovudsak må forventa at foretaka klarar dette sjølv. I hovudak har bøndene i Meland klart å retta søknaden sjølv, men enkelte som har dårlege datakunnskap har fått hjelp til retting i perioden søkjar kan retta sjølv.

Konklusjonen til fylkesmannen om at det er eit avvik og ikkje avkorta eller vurdert avkorta i denne perioden, har kommunen vanskeleg for å forstå. I perioden søkjar kan retta, skal vel ikkje avkorting vurderast. Avkorting er ein del av sakshandsaminga.

I sakshandsamingsperioden frå 30 mars/30. oktober har kommunen har registrert ei sak der ein pga oppdatering av AR-5 retta areala . Behov for oppdatering av AR-5 var innmeldt frå søkjar før søknadsfristen, men pga av kapasitetsproblem fekk ein ikkje synfart arealet i felt før seinare, og ei sak der ein har retta ein åpenbar skrivefeil. Dette er dokumentert i sakene.

5.2.2 Faktiske forhold ved kommunens forvaltning

Kommunen opplyser at det hender dei rettar innkomne søknader slik at dei vert rett, utan at dei avkortar eller vurderer avkorting i tilskotet.

Figur 5 Utklipp av rapport frå fylkesmann -forvaltningskontroll Meland kommune

Kommunen har i eigenvurderingsskjema gitt slikt svar :

6 Saksbehandling og kontroll		
6.2 Avvik mellom søkers opplysninger og godkjente opplysninger – saksbehandlers begrunnelse	Sjekkar tilgjengelege register og tek kontakt med søkjar for å høyra årsak. Prøver å få rett tal inn i søknaden, gjer ei vurdering om avkorting ut frå vesentlegheitskriteriet	Kan vera uklart kva som gjer grunnlag for ikkje å avkorta

Figur 6 Utklipp frå eigenvurdering frå Meland kommune

Kommunen vurderer avkorting dersom det er feil i søknaden, men det er ikkje eit krav om at den skal vera skriftleg. Me stiller spørsmål ved om fylkesmannen då har konkludert med at dette ikkje er vurdert.

Merknad 4.

Gjeldt pkt 5.3 avløyising. Konklusjonen er at at kommunen berre har kontrollert mottak av faktura og ikkje at pengane faktisk skiftar eigar. Dette er ny praksis i Hordaland og kommunen vil ta dette til etterretning.

Merknad 5.

Fylkesmannen finn at kommunen leverer ajourhald sporadisk (jf pkt 5.4 i rapport frå fylkesmannen). I eigenvurderingsskjema tekst 20.8.19 viser me til at kommunen har kontinuerleg ajourhald. I 2017 hadde kommunen periodisk ajourhald utført av NiBIO, det vart gjort omtrent 30 000 endringar i AR-5. Behovet for retting er vanlegvis mindre dei første åra etter ein slik fullstendig gjennomgang. Kontinuerleg ajourhald betyr at ein rettar AR 5 når ein vert gjort merksam på feil. Sidan det er naudsynt med feltarbeid i vekstsesongen for å dokumentera desse endringane betyr det at dei vert gjort i sommerhalvåret. Sporadisk betyr tilfeldig og spredt, og det er ikkje i samsvar med slik kommunen ser på dette.

Merknad 6.

Ref pkt 6 i rapport frå fylkesmannen.

Meland kommune vart sist kontrollert i 2015. Då var tema produksjonstilskot og RMP og det vart registrert 3 merknader og 2 avvik.

Dette stemmer ikkje med det som er registrert i kommunen sitt arkivsystem. Kommunen vart kontrollert i 2016/2017 på ei rekke ordningar mellom anna avløyisar. Under er utsnitt av rapporten frå fylkesmannen

Tilskott til avløyning ved ferie og fritid

Tilskott til avløyning ved ferie og fritid vart kontrollert ved at Fylkesmannen sendte brev til føretaka som Meland kommune trekte ut til stadleg kontroll etter søknadsomgangen januar 2016.

Fylkesmannen bad føretaka som hadde hatt stadleg kontroll om å senda oss dokumentasjon på avløyningar i 2015. Deretter kontrollerte vi desse mot sum oppført i søknad om produksjonstilskott i januar 2016. Vi kontrollerte totalt tre føretak.

All dokumentasjon vart sendt inn til oss innan oppgjeven frist.

Sum utgifter til avløyning ved ferie og fritid ført i søknad om produksjonstilskott stemte overeins med dokumentasjon som vart sendt over for alle føretaka. Det vart såleis ikkje gjort nokre funn som tyder på uregelrett forvaltning.

Figur 7 Utdrag frå rapport frå fylkesmannen i 2017

På den dokumentasjon som er journalført hjå oss er det ikkje verken avvik eller merknader på denne kontrollen.

Vidare vart me kontrollert for produksjonstilskott i 2017, på tema vanleg jordbruksproduksjon. Der var det heller ingen merknader eller avvik

Det er etter denne gjennomgangen uklart for kommunen om rapporten er sendt til rett kommunen. Innholdet samsvarar på enkelte punkt, men på andre er det feil årstall, konklusjonar m.m. Kommunen vil ikkje ta rapporten til følge før feil og anna som er uklart er retta opp.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Vestland v/	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Vestland v/Christian Rekkedal	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER